

Tilbygg stølshus

Tveradalstølen Gnr.81 Bnr.3

Øvre Helland 25.02.2021

I forbindelse med restaurering av Tveradalstølen på Øvre Helland ynskjer me å setje opp eit nytt inngangsparti. Dette vil bli 2x3 meter og skal plasserast midt på langsida av stølshuset, der døra står i dag. Dette vil gjere huset mykje meir brukarvennleg. Her kan ein oppbevare ved og reiskapar som trengs for å nytta eit stølshus gjennom heile året. Det gamle arealet kan då nyttast fullt ut til det som er tiltenkt. Byggeteknisk vil ikkje dette tilbygget øydeleggje noko av den originale byggmassen som er eit kulturminne. To sperr må kappast, og sutak må opnast. Elles vil det stå urørt. Denne typen tiltak er gjort på ei rekke stølar i Modalen. I forbindung med vedskjul, toalett, oppbevaring ect.

Eg har allereie søkt kulturminnevernmidlar for restaureringa. Eg vil presisera at tilbygget ikkje inngår i denne søknaden, då det strengt tatt ikkje har noko med bevaring av kulturminnet å gjere. Men tilbygget vil bidra til økt brukarvennlegheit, noko som igjen sørger for godt vedlikehald. Eg ynskjer gjerne innspel frå kommunen ved kommuneingeniør om dette tiltaket tillatast.

Vedlagt finner ein fasade og plan teikning, samt nokre biletet.

Ole Kristian Øvre-Helland